

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte: 3/2015
Tid: Fredag 24. april kl. 09:30 - 14:30
Stad: Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Til stades:

Ordfører:	Jon Askeland, Kari F. Aakre, Astrid A. Byrknes, Kristin Handeland, Hallvard Oppedal, Per Lerøy, Knut Moe, Marit Steinestø (varaordfører Masfjorden), Lars Barstad (varaordfører Meland)
Rådmenn:	Øivind Olsnes, Jarle Landås, Svein Helge Hofslundsen, Reidun Halland, Ørjan Raknes Forthun (frå sak 20/15), Ingvild Hjelmtveit (frå sak 21/15)
NUI:	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss
Andre:	Sak 19/15: Håkon Matre, Lillian Mongstad, Jostein Skråmestø og Inger Johanne Ektvedt Sak 20/15: Vivian Kårbø Sak 21/15: Lars Sponheim, Kristin Back Skaset, Marianne Svege og Åsne Hagen Sak 22/15: Bent Gunnar Næss
Forfall:	Odd Ivar Øvregård, Karstein Totland, Nils Marton Aadland, Jan Olav Osen, Vidar Bråthen

Sak 17/15	Godkjenning, møteinnkalling og saksliste Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 18/15	Godkjenning, møteprotokoll møte 2-2015 (vedlegg) Møteprotokoll frå møte 2/2015 vart godkjent utan merknadar.
Sak 19/15	Lærlingar i offentleg sektor (vedlegg) Håkon Matre og Lillian Mongstad orienterte om fagutdanning i Nordhordland. Herunder om skuleløpet / vidaregåande opplæring, og om utdanningstilbodet i Nordhordland. Håkon Matre og Lillian Mongstad fortalte om ressursgruppa som opplæringskontoret har som består av pensjonistar som tek samfunnsansvar og har lyst å gjera noko positivt for ungdommen, og å slå eit slag for lærlingar. Mongstad bad kommunane ta ansvar og finna læreplassar og vera med å skapa fagarbeidarar. Vidare at kommunane tenkjer gjennom kva kompetanse dei treng i framtida, og gjev tilbod som sikrar naudsynt rekruttering. Lærlingar skapar verdiar – dei må ikkje sjåast på som ein utgiftspost. Kommunane må laga seg eit system som fungerer – då vert og økonomien betre. Per Lerøy understreka at lærlingar også skapar verdiar, og at dette må kommunane jobba aktivt med. Han stilte spørsmål om kommunane bør stilla krav til leverandørar om å ha lærlingar i sine verksemdar. Jon Askeland formidla skryt til opplæringskontoret frå fylkeskommunen.
Sak 20/15	Status for kompetanseprosjektet i Nordhordland (vedlegg) Vivian Kårbø, NHIL orienterte om status for kompetanseprosjektet: <ul style="list-style-type: none"> ▪ ENTR3R er eit nasjonalt program med satsing på realfag. Studentar frå HIB starta i 2010 matte-trening med elevar på 10. trinn, og i 2014 starta UIB med det same. Dette er blitt ein suksess. ▪ Vox-kurs med fokus på å auke kunnskapen i matematikk, norsk og data for arbeidstakarar i Nordhordland. ▪ Norskurs i samarbeid med Lindås Læringscenter for arbeidsinnvandrarar i Nordhordland. ▪ Rådgjevarsamlingar for ungdomstrinnet og vidaregåande ▪ Yrkes- og utdanningsmessa

	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Foreldrekurs om vidaregåande opplæring ▪ Entreprenørskap i skulen ▪ Konkurransar innan yrkesfag – finale i bedrifter ▪ Ungdomsverksemdar ved dei tre vidaregåande skulane ▪ Fagdagar i verksemdar og kommunar ▪ Ressursgruppa til NHIL og andre samarbeidspartar NHIL har <p>Ho viste til slutt til facebookside - Jobb og utdanning i Nordhordland https://www.facebook.com/jobbogutdanningiNordhordland</p>
<p>Sak 21/15</p>	<p>Busetjing av flyktningar. (11:00 -12:00)</p> <p>Lars Sponheim, Kristin Back Skaset, Marianne Svege og Åshild Hagen frå Fylkesmannen i Hordaland orienterte om behovet for busetjing av flyktningar ute i kommunane. Sponheim understreka at dette er basert på eigen velvilje i den enkelte kommune, men at stat og kommunane har eit felles ansvar for å prøva å løysa flyktningssituasjonen.</p> <p>I dag er det om lag 5300 personar som venter på mottak, av desse er det veldig mange barn. 2000 av desse veit kva kommune dei skal til. Sponheim viste til at dette er eit edelt oppdrag, og peika på kva som skjer med folk som sit lenger og ventar.</p> <p>Fylkesmannsembetet appellerte til å få til eit godt samarbeid og ønskte at kommunane tenkte nytt. Dei tek i mot prosjektsøknadar og viste til utlysing av skjønsmidlar på dette området. Kunne ein t.d. greia å utvikla eit meir profesjonelt introduksjonsprogram?</p> <p>Fylkesmannsembetet kan bidra på mange område – bl.a. frå dei ulike fagavdelingane. Embetet er interessert i dialog og kreativ tenking, og stiller svært gjerne som samtalepartner for å få til betre resultat.</p> <p>Deretter var det ein runde der alle ordførarar gjorde greie for status i eigen kommune, og peika på både moglegheiter og utfordringar. Nokre kommunar har problem med å skaffa bustadar. Nokre kommunar sit på kompetanse dei gjerne deler med andre kommunar.</p> <p>Knut Moe stilte spørsmål om regionen ikkje burde sjå nærare på om ein kunne samarbeida tettare, t.d. gjennom felles flyktningkonsulentar og kanskje eit interkommunalt kontor i Knarvik.</p> <p>Regionrådet bad rådmannsutvalet konsekvensutgreia tettare interkommunalt samarbeid om mottak av flyktningar.</p> <p>Fylkesmannsembetet avslutta med at dei er på tilbodsida og inviterte til samarbeid. Dei peika på at flyktningproblematikk kjem til å vera eit tema i årevis og at kommunane derfor burde få dette området inn i ordinære planar og planprosessar i kommunane. Ein vil då kunne få ein gjennomgåande og effektiv drift, og ikkje opp og ned bemanning m.v. som det gjerne er i dag.</p> <p>Samrøystes vedtak: Regionrådet bad rådmannsutvalet konsekvensutgreia tettare interkommunalt samarbeid om mottak av flyktningar.</p>
<p>Sak 22/15</p>	<p>Kommunereforma</p> <p>Det vart gjort ein kort oppsummering etter møtet i forhandlingsutvalet for Nordhordlandsalternativet 16. april. Bl.a. vart det diskutert korleis ein skal involvera organisasjonar i arbeidet. Reidun Halland viste til at Gulen har teke fagforeiningane med i arbeidet, og at representantane derifrå har i oppdrag å bringa informasjon ut til dei tilsette.</p> <p>Regionrådet var enige om at rådmennene inviterer fagforeiningane inn i arbeidet på overordna nivå, og at rådmennene utformer eit skriv som kan brukast av alle kommunane når det gjeld fagforeiningane sin plass i dette arbeidet.</p>
<p>Sak 23/15</p>	<p>Status Region Nordhordland Helsehus</p> <p>Jon Askeland viste til Representantskapsmøtet i Region Nordhordland Helsehus IKS tidlegare i dag og til saksframlegget som vart lagt fram. Det vart også vist til orienteringa i møtet frå styreleiar Håkon Matre, styremedlem Torbjørn Nævdal og dagleg leiar Rune Heradstveit der dei gjorde greie for kvifor styret i selskapet bad Representantskapet om eit vedtak om å fremja ei sak for kommunane om å auka arealramma for bygget til 12000 m² og låneramma til kr 450 millionar.</p>

	<p>Representantskapet vedtok einstemming.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Representantskapet ber styret i RNHI fremja sak for kommunane om å auka ramma for storleiken på bygget til 12000 m². Regionen vil då få eit best mogeleg framtidsretta bygg når det står ferdig i 2018 og vera med å sikra nødvendig areal for framtidsretta tenester for innbyggjarane. ▪ Representantskapet ber styret i RNHI fremja sak for kommunane om å endra selskapsavtalen §7-4 og at høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak vert sett til 450 millionar kroner. ▪ Representantskapet ber styret i RNHI fremja sak for kommunane om å endra selskapsavtalen §5-1 til «Styret består av 5 medlem» og § 5-4 til «Kvart styremedlem har ei røyst. Styret kan ta avgjerder når minst tre av medlemene er til stades».
Sak 24/15	<p>Status frå utvala</p> <p>Helseutvalet: Astrid Aarhus Byrknes gjorde refererte kort frå møtet i Helseutvalet 10. april. Ho viste vidare til at styret i Helse Bergen HF kjem på besøk i juni, og at administrasjonen i NUI planlegg dette besøket. Vidare er det sendt eit skriv til Helse- og omsorgsdepartementet der regionen tek opp spørsmålet om avtalespesialistar til Nordhordland.</p> <p>Kultur: Ikkje noko å melda.</p> <p>Nærings- og samferdsleutvalet: Kort orientering om status for Nordhordlandspakken AS og om det positive vedtaket i Meland, og om handsaming i dei andre kommunane i tida framover.</p>
Sak 25/15	<p>Meldingar og eventuelt</p> <p>Kompensasjonsfondet. Kystvegen Ålesund - Bergen AS – kontingent 2015.</p> <p>Samrøystes vedtak: Regionrådet løyver kr 20 000,- frå kompensasjonsfondet til kontingent 2015 for medlemskap i Kystvegen Ålesund – Bergen c/o Fram Florø AS.</p> <p>Kriseteamet i Masfjorden Kriseteamet i Masfjorden har teke opp om det er mogeleg å sjå nærare på om ein kan få til felles vaktordningar og beredskap i regionen. Regionrådet ber Masfjorden førebu ei sak til rådmannsutvalet om dette.</p> <p>Generalforsamling BKK Jon Askeland viste til at det er generalforsamling i BKK komande onsdag 29. april.</p>

Knarvik, 24. april 2015



Jon Askeland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

Sak 19/15 Presentasjon - Opplæringskontoret i Nordhordland
Sak 20/15 Status for Kompetanseprosjektet